



Hilde Kristin Helland
Stranda 492
5993 ØSTEREIDET

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/14513 - 20/71778

Saksbehandlar:
Øystein Hafnor Kolstad
oystein.hafnor.kolstad@alver.kommune.
no

Dato:
11.11.2020

Landbrukssak gbnr 17/1 og 17/18 Akseland Søndre - Svar på søknad om bygging av landbruksveg

Administrativt vedtak: Saknr: 1215/20

VEDTAK:

Med heimel i forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveier gjev Alver kommune Hilde Kristin Helland løyve til bygging av omsøkt veg på gbnr 17/1 og 17/18 Askeland Søndre.

- Dersom det kjem fram kulturminner under arbeida med vegen må alt arbeid stogkast og Vestland fylkeskommune varslast.
- Vegen skal byggast som ømsøkt.

Vedtaket er gyldig til 30.11.2023. Om ikkje arbeida er sett i gong innan frist for løyve, fell løyvet bort jf. Forskrift 2015-05-28-550, paragraf 3-2

Saka gjeld

Hilde Kristin Helland søkar om å oppgradere 375 meter eldre veg og etablere nyanlegg på ca 75meter. Kostnad for tiltaket er estimert til kr 1 250 000,-. Vegen er planlagt i vegklasse 7, landbruksvegklasse. Det er og planlagt eit massetak langs traseen på ca 500m³. Vegen skal gje tilkomst til hogstmoden skog, hytter og landbrukseigedommar ute på Askelandsøyna.

Privatrettslege tilhøve

Vegbygging som skjer på ein annan person sin eigedom skal også ha løyve i frå den som eiger grunnen. At kommunen har gitt et løyve, går ikke framfor manglande privat rett. Ein eventuell manglande privat rett er noko som må løysast privat, og er dessverre ikkje noko kommunen kan hjelpa med.

VURDERING:

Planlagd veg vil vera positiv i fleire høve. Landbrukseigedommar som no har vanskeleg tilkomst vil kunne driftast og vedlikehaldast på ein anna måte enn i dag. Hogstmoden skog kan takast ut og vegen vil gje betre tilkomst for ålmente i området. Det er fleire eigedommar i området som har interassar av vegen og som bistår i finansieringa. Kommunen anser tiltaket som positivt.

Prinsippa i §§ 8–1 2 i naturmangfaldslova er lagt til grunn ved vurdering av vedtaket. Det er særleg vektlagd berekraftig bruk og vern av naturmangfaldet der den samla belastninga for økosystemet vert vurdert både på staden og sett i ein større samanheng. Kommunen har sjekka areala i Naturbase og Artsdatabanken og det er ikkje kjende registreringar av viktige naturtypar, raudlista eller sårbare artar i området. Saka har vært på høyring hos Vestland fylkeskommune og hos Fylkesmannen i Vestland.

Sjå svar frå Vestland Fylkeskommune under:

«Vestland fylkeskommune viser til brev datert 25.08.2020 med søknad om oppgradering av eksisterande veg (375 m) og bygging av ny landbruksveg (75 m) på gnr. 17, bnr. 1 og 18 Askeland søre, Alver kommune. Seksjon for kulturarv i Vestland fylkeskommune har vurdert saka som regionalt kulturminnemynde.

Me har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne som kjem i konflikt vegen. Det er ikkje opplyst i saka om lokale kulturminne. Vestland fylkeskommune har slik ingen avgjerande merknader i saka. Området er ikkje synfare, me ber slik om at ein ved oppgradering og opparbeiding av vegen prøver å unngå inngrep i eller skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, bakkemurar, tuffer m.m.

Elles gjer vi merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne blir avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Vestland fylkeskommune, og arbeidet på funnstaden stansast til rette mynde har vurdert funnet.

*Link til vår nettside som viser kva saker som skal sendast til seksjon for kulturarv
: <https://www.vestlandfylke.no/kultur/kulturarv/kva-saker-skal-sendast-til-fylkeskommunen/>*

Regelverk

Søknad om bygging av landbruksveg er handsama etter Forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveier, FOR 201 5-05-28-550, og etter Naturmangfaldlova der vegen kan påverke natur- eller miljøverdiar i området.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 20/14513

Med vennleg helsing
Alver kommune, Landbruk

Kjartan Nyhammer
Avdelingsleiar

Øystein Hafnor Kolstad
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Fråsegn kulturminne til søknad om landbruksveg - gbnr 17/1 og 17/18 Askeland søndre
AcosSvarlInn.xml

Mottakarar:

Hilde Kristin Helland

Stranda 492

5993

OSTEREIDET